



**NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR**  
**INVITERAR TIL:**

# **ÅRSMØTE**

## **FAGDAGAR 2006 I BÆRUM**

**23. - 25. august 2006**

**"Jeg er boren til en gildere død" (Ibsen)**  
**Tema: Kyrkjegårdsforvaltning i møte med**  
**det moderne menneskets behov**

Bilete frå Steinskogen kyrkegård i Bærum

**ÅRSMELDING OG ÅRSMØTEINNKALLING**  
**PROGRAM OG PÅMELDINGSSKJEMA FOR FAGDAGANE**



# FAGDAGAR 2006 I BÆRUM

"Jeg er båret til en gildere død" (Henrik Ibsen)

**Tema: Kyrkjegardsforvaltning i møte med det moderne menneskets behov**

## ONSDAG 23. AUGUST

- kl.09.00 Registrering, kaffi  
kl.09.30 Velkommen til Bærum v/ordfører og fellesrådsleiar  
kl.10.00 **Kva er ein kyrkjegard – ifølgje loven?**  
v/l.ark. Kirsten Lunde og Geir Pettersen, Grindaker AS  
kl.11.00 **Politikardebatt: Krav til morgondagens kyrkjegardsforvaltarar**  
Innleiing v/Gunnar Wik, ordstyrar Frank Grimstad  
Panel: Rolf Reikvam, sv, Inger Enger, sp, Ola Lånke krf, m.fl.  
kl.13.00 Lunsj  
kl.14.00 **Gir gravferdsloven handlingsrom, eller er den moden for revisjon**  
**Trender –ei analyse av det moderne menneske**  
v/Ola Gaute Aas Askheim, Opinion  
**Trender i forhold til pårørande sine behov og forventningar**  
v/Berit Stangeland Hanssen, Begravelsesbyråenes Forum og Sverre Bjønnes, direktør HSH  
kl.16.00 **Ibsen på kyrkjegarden** v/Jan Tharaldsen  
kl.16.30 **Oppsummering og spørsmål**  
kl.19.00 Middag på restaurant Bølgen & Moi, Henie Onstad kunstsenter


## TORSDAG 24. AUGUST

- kl.08.30 Oppmøte i resepsjonen, avreise til Haslum kyrkjegard  
kl.09.00 Musikk v/Otto Christian Odland  
kl.09.30 **Presentasjon av Bærum og Bærum sine kyrkjegardar**  
v/Naomi Louise Wilde  
kl.10.15 Kaffi –besøk på utstillingar  
kl.10.45 **Kva skjer i kyrkjegards-Norge?**  
**Nye gravformer, standardisering av drift** v/Lise-Lotte Bjarnadottir  
kl.12.00 Lunsj  
kl.13.00 **Synfaring** til Haslum, Steinskogen og Tanum kyrkjegardar  
kl.16.00 **Årsmøte** på Haslum menighetshus  
kl.18.00 Retur hotellet  
kl.20.00 Festmiddag på hotellet med underhaldning

## FREDAG 25. AUGUST

- kl.08.30 **Kyrkjegardsøkonomi**  
v/Trygve Nedland, Øystein Dahle, KA og Bjarne Kjeldsen, NFK  
kl.10.30 **Kreative innspel: Finansieringsmodell for stell av grav** v/Dagfinn Holter  
**Kva er festeavgift** v/Helge Klingberg.  
**Sal av gamle gravminne på kyrkjegarden** v/May Kristin Røen  
kl.12.00 **Spørjetime**  
kl.13.15 Lunsj og avreise

*Informasjon om std og pris: Sjå side 15*



# NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

## ÅRSMØTEINNKALLING

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Norsk forening for kirkegårds-  
kultur **torsdag 24. august 2006 kl. 16.00** på Haslum menighetshus,  
Gamle Ringeriksvei 86, Bekkestua i Bærum.

### Dagsorden:

1. Konstituering
  - a. Opprop
  - b. Val av dirigent
  - c. Val av to referentar
  - d. Val av to medlemmer som saman med dirigenten skal underskrive protokollen
  - e. Vedtak av dagsorden
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Fastsetting av kontingent
5. Budsjettforslag
6. Innkomne saker
7. Val av leiar
8. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
9. Val av revisor
10. Val av valkomitè
11. Fastsetting av stad for neste årsmøte



## SAK 2: ÅRSMELDING

Norsk forening for kirkegårdskultur er ei forening som drives frå Drangedal. Foreninga driv ikkje med aktivitetar som kan føre til forureining av det ytre miljø. Årsmeldinga er for heile 2005 og første halvdel av 2006.

### Tillitsvalde:

|                    |                                                          |            |
|--------------------|----------------------------------------------------------|------------|
| Leiar:             | Gunnar Wik, kyrkjeverje i Bergen                         |            |
| Nestleiar:         | Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa                   | (valt -04) |
| Styremedlemmer:    | Lise-Lotte Bjarnadottir, landskapsarkitekt,              | (valt -04) |
|                    | Gravferdsetaten i Oslo                                   |            |
|                    | Mary Menzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad              | (valt -05) |
|                    | Ingeborg Nordlund,                                       | (valt -04) |
|                    | kyrkjeverje i Surnadal og Rindal                         |            |
|                    | Johannes Sørhaug, kirkesjef i Porsgrunn                  | (valt -05) |
| Kirkerådets repr.: | Per Tanggaard, seniorrådgjevar i Kirkerådet, Oslo        |            |
| Vararepr.:         | Oddny Nordås, avdelingsleiar kyrkjegardskontoret i Bærum |            |
|                    | Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger                  |            |
| Revisor:           | Ernst & Young AS                                         |            |
| Valkomitè:         | Odd A. Andersen, kyrkjeverje i Fredrikstad (leiar)       |            |
|                    | Geir Riise, kyrkjeverje i Ringsaker                      |            |
|                    | Tove Frøvoll Thoresen, rådgjevar Tunsberg bispedømme     |            |
| Tilsette:          | Synnøve Haugstad Sira (75%)                              |            |
|                    | Bjarne Kjeldsen (50%)                                    |            |

### Årsmøtet 2005

Årsmøtet fant stad torsdag 9. juni på Quality Hotel Panorama, Ivar Lykkesvei 1, Trondheim. Det møtte 44 personar på årsmøtet, 41 av dei hadde stemmerett. Odd A. Andersen blei valt til dirigent. Det stod 11 saker på dagsorden. Framlagt årsmelding og rekneskap for 2004 blei godkjent, og budsjett for 2006 teken til etterretning. Årsmøtet vedtok også, etter framlegg frå styret, at kontingenten ikkje skulle aukast for komande år.

Under sak 6, framtidig vegval for NFK, orienterte Odd A. Andersen om prosessen fram til dd. Det er haldne møte med KA, Fagforbundet og andre. Ei skisse til strategiplan og nye vedtekter er laga. Endeleg forslag om framtidig vegval for foreninga skal framleggjast på årsmøtet 2006. Årsmøtet tok orienteringa til etterretning.

Steinhoggar Arnold Bjørklund orienterte om Stenindustriens Landssammenslutning sitt arbeid opp mot Konkurransetilsynet og Kyrkje- og kulturdepartementet, for å få eit forbod mot at kyrkjeleg fellelsråd kan forhandle gravminne.

Val: Gunnar Wik blei gjevvalt som leiar. Mary Menzoni Iversen (attval) og Johannes Sørhaug (ny) blei valt til styremedlemmer for to år. Varamedlemmer Oddny Nordås og Eirik Stople. Ernst & Young AS blei valt som revisor.



Til slutt takka Odd A. Andersen for seg som styremedlem, og fekk mange takk for innsatsen.

### **Sekretariat**

Sekretariatet held til i leide kontorlokale på Neslandsvatn i Drangedal i Telemark. Synnøve Haugstad Sira har 75% stilling som kontor- og kursleiar, med kontortid mandag - torsdag kl. 09.00 - 16.00. Kontorleiar fører rekneskapen og er sekretær for styret.

I tillegg er Bjarne Kjeldsen tilsett som prosjektleiar i 50% stilling frå 1.april 2006. Arbeidsmiljøet er bra, og det har ikkje vore sjukefråvær i perioden.

### **Styrets arbeid**

Det er halde sju styremøte i perioden, fire i 2005 og tre i første halvår 2006.

Det er behandla i alt 73 saker. I tillegg har det vore to arbeidsutvalmøte.

Hovudsakene har vore:

***Fagdagar og kurs*** (eige punkt i årsmeldinga)

***Rekneskap og budsjett*** (eigne årsmøtesaker)

***NFK sin framtidige strategi:*** Styret har arbeida med ein strategi for utvikling av NFK si verksemd. I denne strategien inngår satsing på utvikling av kyrkjegardsfaglig rådgivingstenester, arbeid for etablering av ein kyrkjegardsdatabase, og auka fokus på utadretta informasjonsarbeid. Som ein del av satsinga har NFK inngått ein samarbeidsavtale med KA om felles satsing, bruk av personale, kontor og administrative ressursar. Vidare har denne verksemdutvidinga skapt behov for ein gjennomgang av finansieringskjelder og foreninga sin økonomi, samt revisjon av vedtektene.

***Bevaringsbok:*** Ferdigstilling og marknadsføring av boka i «KIRKEGÅRDEN - et levende kulturminne».

***Nordisk samarbeide:*** Tilrettelegging for nordisk kongress på Island og norsk deltaking.

### **Foreningens medlemmer**

|                            | 2005 | 2004 | 2003 | 2002 | 2001 |
|----------------------------|------|------|------|------|------|
| 1 Fellesråd / kommunar     | 374  | 371  | 372  | 366  | 363  |
| 2 Sokneråd                 | 15   | 17   | 17   | 20   | 23   |
| 3 Personlege               | 91   | 101  | 109  | 117  | 123  |
| 4 Livsvarige               | 15   | 16   | 16   | 17   | 17   |
| 5 Firma, prostar, biskopar | 58   | 56   | 60   | 55   | 61   |
| 6 Æresmedlem               | 1    | 1    | 1    | 1    | 1    |
| Sum                        | 553  | 561  | 574  | 575  | 587  |

På medlemskap 1, 2 og 5 er det anledning til å ha ekstraabonnentar, slik at medlemslistene i alt viser 1215 adresser.



### **Publikasjonar**

Tidsskriftet *Kirkegården* med fire nummer i året: I mars, juni, september og november. Redaktør er Alf Bergin. Redaksjonsutval: Geir Riise, Helge Klingberg, Synnøve Haugstad Sira og Bjarne Kjeldsen. Vara Arne Eggen. Hefta *Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd. Forskrifter, Kirkegårdens ABC, Gravminner i Gudbrandsdal, Idèkonkurranse om formgiving av gravminner og Kirkegårdens dag.*

Rapporten *Drift og vedlikehold av kirkegårder -arbeidsforbruk og kostnader.* Juni 2005 kom vi ut med ei ny bok *Kirkegården -et levende kulturminne.* Ei bok til hjelp i det praktiske arbeidet med bevaringsarbeid på kyrkjegarden, og ei vakker gavebok til dei som har interesse av kyrkjegarden som kulturminne. Boka er på 142 sider og gjennomillustrert med vakre fotografier. Boka *Utvidelser og nyanlegg av kirkegårder -håndbok for tiltakshaver.*

### **Fagdagar 2005**

Torsdag 9. og fredag 10. juni var 121 personar samla til fagdagar i Trondheim. Årets tema var: *Kyrkjegarden i ei ny tid.*

Foredrag: *Er framtidens gravplass ein kyrkjegard? Fokus: Framtidig forvaltning av kyrkjegarden.* Innleiing om stat-kyrkjeutvalet v/Kåre Gjønnes. Gode råd til utvalet frå Frank Grimstad, KA, Trygve Natvik, Fagforbundet, og Odd Andersen, nestleiar NFK. *Skal eg gravleggjast slik far min blei gravlagd? Fokus: Alternative gravformer i framtida.* v/förbundsrådgivare Håkan Junfors, landskapsark. Naomi Louise Wilde og seniorrådgjevar Per Tanggaard. *Er vi gode forvaltarar? Fokus: Korleis forvaltar vi sømmelighetsgrenser som gjeld gravminne, aktuelle forvaltningssaker.* v/prost Tora Samset og kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg. *Kva betyr gravminnet og gravplassen for folk i sorg?* v/landskapsark.Torhild Hovdenak og sjukepleiar Maria Aakre. Fagdaganane vart avslutta med oppsummering ved nestleiar Odd A. Andersen

**Program elles:** Orientering om og synfaring til Domkirkegården, Vår frues kirkegård, og gravminneutstillinga i kjellaren i Domkyrkja.

Middag og omvising på Munkholmen. Årsmøte.

### **Kurs og arrangement**

**Praktisk kyrkjegardsdrift** 8. - 11.mars 2005 i Kristiansund med 18 deltakarar. Tilsvarande kurs planlagd i Hammerfest blei avlyst grunna liten påmelding. Dette er grunnopplæring for kyrkjegardsarbeidarar, men også kyrkjevevjer og øvrig kontorphersonale deltok.

Tema: Lover og reglar for kyrkjegarden, praktisk drift og vedlikehald, gravminne, gravferda, kyrkjegardsteknikk, nyanlegg og utviding, oppdatering av kartverk, gravregistrering, gravfeste, gravlegat, møte med menneske i sorg.

Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, landskapsark. Olav Martin Bakheim, driftsleiar Gøril Hjallen Moan, kyrkjegardsforstandar Finn Eigil Sødal, gartner Morten Bragdø, sjukehusdiakon Anne Hirsch og sokneprest Ottar Almås.



**Grøntanlegg på kyrkjegarden** 5. – 7. april 2005 på Geilo med 28 deltakarakar, og 21. - 23. februar og 8. - 10. mars 2006 i Bergen med 30 deltakarakar i kvar. På grunn av stor interesse måtte vi kjøre to fulle kurs i Bergen i staden for det eine som var planlagt.

Tema: Vegetasjonens betyding på kyrkjegarden, Planteval –langsiktig plan, Jorddekkingsmateriale, Plantearbeid og etablering, Vedlikehald av anlegget, Vedlikehald av veger og plasser, Trepleie, Beskjerjing av buskar og tre, Gras, Staudar, løk og sommerblomar, Drifts og vedlikehaldsplan, Gruppearbeid: Utarbeiding av beplantingsplan og arbeidsplan for eigen kyrkjegard, Synfaring til Geilo nye kyrkjegard.

Foredragshaldarar: Landskapsarkitekt Lise-Lotte Bjarnadottir, landskapsarkitekt Anne Kristin Irgens, anleggsgartnar Morten Bragdø og anleggsgartnar Åsmund Bergwitz.

**Administrasjon av kyrkjegardar** 3. - 5. mai 2006 i Stjørdal med 30 deltakarakar.

Tema: Kyrkjegardens plass i forvaltninga, Gravferdslov, forskrifter og vedtekter, Gravregister og gravplan, Gravfeste og gravlegat, Kyrkjegardsplan og reguleringsplan, Registreringsarbeid og oppdatering v kartverk, Driftsplan, ressursbehov og personalbehandling, Gravferdsrutinar og gravferdsbyrå sin plass, Bevaringsarbeid, Gravminne, Saksbehandlingsrutinar.

Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, Øystein Dahle, KA, avdelingsleiar Oddny Nordås. gravferdsbyråeigar Knut Svanholm og driftsleiar Helge Rask.

I samarbeide med KA: **Temadag om kremasjon** 18. oktober i Oslo med 64 delt.

Tema: Utviklingstrekk sett frå lovgjevars side, Sosiologiske og historiske perspektiv, Teknologi og miljø, Prosjektering og interkommunalt samarbeid, Urnenedsettinga: Ei utfordring og mulighet, Kropp og oppstandelse: Ein visitt til oldkyrkja, Kyrkja, kremasjonen og den døde kroppen, Kremasjon og kyrkjegard: Muligheter og erfaringar, Kvalitets- og brukerperspektiv på gravferdssektoren, Vegen vidare.

Foredragshaldarar: Ekspedisjonssjef Ole Hermann Fisknes, seniorrådgjevar Per Tanggaard, ingeniør Torbjörn Samuelsson, kyrkjevevjerje Ola Asp, prostiprest Hilde Fylling, generalsekretær Knut Erling Johansen, førsteamanuensis Knut Alfsvåg, kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, rådgjevar Bjarne Kjeldsen og adm.dir Frank Grimstad.

### **Krematorieforumet**

Styret har vedteke å leggje forumet på is, i påvente av ny struktur i foreninga.

### **Internasjonalt samarbeid**

Det nordiske samarbeidet foregår i samarbeidsorganisasjon *Nordiska förbundet för kyrkogårdar och krematorier (NFKK)*. Gunnar Wik og Odd Andersen er våre representantar. Nordisk kongress blei arrangert i Reykjavik, Island 25.-27. august, og vi reiste 64 personar saman dit frå Norge. Wik blei der er valt til leiar i NFKK for fire år

Medlemskap i *Association of Significant Cemeteries in Europe (ASCE)*.



## SAK 3: REKNESKAP

Styrets forslag til godkjenning av rekneskap for 2005:

| <b>INNTEKTER</b>              | <b>Rekn. 2005</b> | <b>Budsj. 2005</b> | <b>Rekn. 2004</b> |
|-------------------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| Kontingentar                  | <b>328 050</b>    | 330 000            | 329 310           |
| Sal publikasjonar og annonsar | <b>360 142</b>    | 190 000            | 180 767           |
| Fagdagar, årsmøte             | <b>315 652</b>    | 200 000            | 271 852           |
| Kurs                          | <b>515 490</b>    | 680 000            | 733 009           |
| Tilskott                      | <b>85 000</b>     | 90 000             | 110 000           |
| Andre inntekter               | <b>20 808</b>     | 2 000              | 1 400             |
| Renteinntekter                | <b>16 093</b>     | 30 000             | 18 892            |
| <b>Sum</b>                    | <b>1 641 235</b>  | 1 522 000          | 1 645 230         |

## UTGIFTER

|                        |                  |           |           |
|------------------------|------------------|-----------|-----------|
| Publikasjonar          | <b>575 239</b>   | 290 000   | 285 036   |
| Fagdagar, årsmøte      | <b>293 510</b>   | 180 000   | 224 451   |
| Kurs                   | <b>472 791</b>   | 570 000   | 572 179   |
| Styreutgifter          | <b>72 140</b>    | 55 000    | 70 987    |
| Kontor, administrasjon | <b>80 479</b>    | 72 000    | 75 179    |
| Nordisk samarbeide     | <b>73 085</b>    | 50 000    | 30 280    |
| Lønnsutgifter          | <b>288 823</b>   | 290 000   | 300 344   |
| Utval / prosjekt       | <b>0</b>         |           | 111 850   |
| Andre kostnader        | <b>25 223</b>    | 15 000    | 21 428    |
| <b>Sum</b>             | <b>1 881 290</b> | 1 522 000 | 1 691 734 |

|                 |                 |   |         |
|-----------------|-----------------|---|---------|
| <b>RESULTAT</b> | <b>-240 055</b> | 0 | -52 463 |
|-----------------|-----------------|---|---------|

### REKNESKAP BOKA "KIRKEGÅRDEN -ET LEVENDE GRAVMINNE

|                                                     | <b>Rekneskap 2005</b> | <b>2002 - 31.5.2006</b> |
|-----------------------------------------------------|-----------------------|-------------------------|
| <b>Inntekter:</b> Støtte Norsk Kulturråd, Kyrkjedep | 75 000                | 75 000                  |
| Boksal                                              | 93 431                | 108 565                 |
| Sum inntekter                                       | 168 431               | 183 565                 |
| <b>Utgifter:</b> Innkjøp bøker                      | 150 000               | 150 000                 |
| forfatterhonorar, foto, språkvask                   | 116 450               | 122 450                 |
| Admin.utgifter                                      | 14 254                | 39 543                  |
| Sum utgifter                                        | -280 704              | -311 993                |
| <b>Resultat</b>                                     | <b>-112 273</b>       | <b>-128 428</b>         |



**BALANSE****2005****2004****EIGEDELAR**

Omløpsmidler:

Drangedal og Tørdal Sparebank **618 616** 1 040 166Utestående **28 401** 10 152**SUM EIGEDELAR** **647 017** 1 050 318**EIGENKAPITAL OG GJELD**

Eigenkapital:

Fri egenkapital pr. 1.1 **782 344** 828 848Årets resultat **-240 055** -46 504**Sum egenkapital** **542 289** 782 344

Kortsiktig gjeld:

Skyldig skatt, avgifter, lønn **51 859** 42 712Annan kortsiktig gjeld **52 869** 225 262**Sum gjeld** **104 728** 267 974**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** **647 017** 1 050 318

Føresetnaden for fortsatt drift er tilstades, og rekneskapen for 2005 er sett opp under denne føresetnad.



Til årsmøtet i  
Norsk Forening For Kirkegårdskultur AS

■ Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS  
Porsgrunn:  
Melkevegen 13, Postboks 64  
N-3901 Porsgrunn  
Avd. kontor Bø:  
Hellandtunet, Postboks 123  
N-3833 Bø i Telemark  
Avd. kontor Kragerø:  
Ytre Strandvei 6, Postboks 230  
N-3791 Kragerø

■ Foretaksregisteret:  
NO 976 389 387 MVA  
Tel. +47 35 51 62 00  
Fax +47 35 51 62 49  
www.ey.no  
Tel. +47 35 06 15 50  
Fax +47 35 06 15 51  
Tel. +47 35 98 69 20  
Fax +47 35 98 69 21

Medlemmer av Den norske Revisorforening

**Revisjonsberetning for 2005**

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Forening For Kirkegårdskultur AS for regnskapsåret 2005, som viser et underskudd på kr 240 055. Vi har også revidert opplysningene i årsmeldingen om forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av foreningens formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet gir et rettviseende bilde av foreningens økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i regnskapsåret
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge

Kragerø, 20. juni 2006  
ERNST & YOUNG AS

Tor O. Andersen  
statsautorisert revisor



## SAK 4: FASTSETTING AV KONTINGENT

Kontingenten har vore uendra sidan 1998. Med bakgrunn i foreslåtte virksomhetsutvidning foreslås kontingenten endra slik frå og med 2007:

| Ny inndeling av medlemskapsgruppene | adresser som følger med medlemskapen | ny kontingent kroner |
|-------------------------------------|--------------------------------------|----------------------|
| Personlege                          | 1                                    | 250                  |
| Sokneråd                            | 1                                    | 350                  |
| Firma/biskopar/prostar              | 2                                    | 750                  |
| Fellesråd/komm:                     |                                      |                      |
| 1) Inntil 3.000 innbygg.            | 3                                    | 700                  |
| 2) 3 - 10.000 innbygg.              | 3                                    | 1 000                |
| 3) 10 - 25.000 innbygg.             | 5                                    | 2 500                |
| 4) 25 - 100.000 innbygg.            | 10                                   | 5 000                |
| 5) Over 100 000 innbygg.            | 20                                   | 10 000               |
| Ekstraadresser pr. stk.             | 1                                    | 200                  |

Kontingentsatsar 1998-2006:

Personlege medlemmer kr 200 (inkl. 1 adr), sokneråd kr. 310 (inkl. 2 adr),

Firma/biskopar/prostar kr. 500 (inkl. 2 adr)

Fellesråd/kommunar under 20.000 innbygg. kr. 600 (inkl. 3 adr)

Fellesråd/kommunar over 20.000 innbygg. kr. 1200 (inkl. 4 adr)

Tillegg for medlemmer med krematorium kr. 300, ekstraadresser kr. 180 pr stk.

## SAK 5: BUDSJETTFORSLAG

Styrets forslag til budsjett for 2007:

### **INNTEKTER**

|                             |         |
|-----------------------------|---------|
| Kontingentar                | 650 000 |
| Sal publikasjonar, annonsar | 180 000 |
| Fagdagar, årsmøte           | 270 000 |
| Kurs                        | 500 000 |
| Tilskott                    | 240 000 |
| Andre inntekter             | 20 000  |
| Renteinntekter              | 10 000  |

### **UTGIFTER**

|                        |         |
|------------------------|---------|
| Publikasjonar          | 350 000 |
| Fagdagar, årsmøte      | 250 000 |
| Kurs                   | 410 000 |
| Styreutgifter          | 70 000  |
| Kontor, administrasjon | 80 000  |
| Nordisk samarbeide     | 30 000  |
| Utval                  | 15 000  |
| Lønnsutgifter          | 320 000 |
| Prosjektmedarbeidar    | 320 000 |
| Andre kostnader        | 25 000  |

|     |           |     |           |
|-----|-----------|-----|-----------|
| Sum | 1 870 000 | Sum | 1 870 000 |
|-----|-----------|-----|-----------|



## **SAK 6: INNKOMNE SAKER**

### **a) Framtidig strategi for Norsk forening for kirkegårdskultur**

#### **Fremover- i samme spor og på nye veier**

Det har i lengre tid vært arbeidet med å finne nye spor for arbeidet i Norsk forening for kirkegårdskultur. Vi skal gjøre *det samme* som alltid har vært vårt kjennemerke, - drive kurs og kompetanseutvikling for våre medlemmer, gi god og relevant informasjon gjennom bladet "Kirkegården", og holde fokus på kjernevirksomheten. Men vi er tydelige på at vi også vil ha en kirkegårdsforening som har høye ambisjoner med en bredere aktivitet. Konkret ønsker vi nå å satse på utvikling av kirkegårdsfaglige rådgivningstjenester, kirkegårdsdatabasen samt økt fokus på utadrettet informasjonsarbeid.

#### **Samarbeid med Kirkens Arbeidsgiver- og Interesseorganisasjon (KA)**

Styret har det siste året vært i samtale med KA om en samarbeidsavtale. Vi har mye samme medlemsmasse, og har kompetanse innenfor de samme områder og fagfelt. Fra NFKs side har vi ønsket å være tydeligere på hvor vår egen kompetanse er, og hvor vi med fordel kan dra veksler på andres kompetanse. Det er dette samarbeidsavtalen med KA skal bidra med.

Vi har gjennomgått de ulike fagområder og sagt noe om hver organisasjons innsats og satsning. Særlig fokus vil bli lagt på den tenkte *kirkegårdsdatabasen* som skal etableres. Dette blir et samarbeidsprosjekt mellom NFK og KA, med midler fra departementet, håper vi. Gjennom etableringen av denne databasen vil vi stå mye bedre rustet til de utfordringer som møter oss i de kommende årene.

#### **Større stab**

For å ha en sjanse til å rekke de nye målene vi har satt oss har styret valgt å engasjere en prosjektleder i 50 % stilling, i tillegg til Synnøve Haugstad Sira som fortsetter i 75% stilling som kontorleder. I denne stillingen har vi fått Bjarne Kjeldsen. Han vil i særlig grad ha fokus på oppfølging av aktiviteter knyttet til styrets strategi for økt virksomhetsbredde.

#### **Nye vedtekter**

Som basis for de annonserte endringene i foreningens virksomhet legger styret fram forslag til endringer i vedtektene (se sak 6 b). Det knytter seg spesielt til foreningas formål og virksomhet (§2 og §3), styrets sammensetning (§5), opprettelsen av faglig råd (§8), og årsmøtet (§10).

#### **Økonomi**

Styret arbeider etter en plan der vi skal styrke årsbudsjettet betraktelig, men foreløpig har vi kun de gamle kilder å øse av. En av kildene er en stor egenkapital i reserve. Men for ikke å tappe den for mye må vi styrke inntekten. I år vil det derfor bli forslått for årsmøtet å foreta en betydelig økning av medlemskontingenten (se sak 4).

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet slutter seg til styrets forslag til strategi.



## **b) Forslag til nye vedtekter**

### **VEDTEKTER FOR NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR -KIRKEGÅRDSFORENINGEN-**

#### **§ 1 Navn**

Norsk forening for kirkegårdskultur – Kirkegårdsforeningen - er en ideell uavhengig forening.

#### **§ 2 Formål**

Norsk forening for kirkegårdskultur skal arbeide for å fremme god kirkegårdskultur, og arbeide for å utvikle framtidig kirkegårdspolitikk

#### **§ 3 Virksomhet**

Foreningens formål søkes nådd gjennom:

- Bidra til å ivareta og utvikle kirkegårdens estetiske og funksjonelle sider
- Arbeide aktivt for å synliggjøre gravferdsforvaltningens samfunnsmessige betydning
- Å være en aktiv aktør og tilrettelegger ved å utvikle god fagkompetanse
- Kurs og konferanser innenfor kirkegårds- og krematoriesektoren
- Informasjonsarbeid, utvikling av faglitteratur og informative tjenester
- Rådgivning og utviklingsvirksomhet.
- Å være en aktiv deltaker i det nasjonale, nordiske og internasjonale samarbeidet innen relevante fagfelt.

#### **§ 4 Medlemmer**

Følgende kan være medlemmer:

- Kirkelige fellelråd
- Menighetsråd
- Kommuner
- Organisasjoner, råd og institusjoner
- Firma
- Enkelpersoner

Utmeldelse av Norsk forening for kirkegårdskultur skjer skriftlig. Medlem som tross krav ikke har betalt kontingent i ett år regnes for å være gått ut av foreningen.

#### **§ 5 Styret**

Norsk forening for kirkegårdskultur ledes av et styre på fem medlemmer.

Styrets leder, fire styremedlemmer og to varamedlemmer velges av årsmøtet. Styret konstituerer ellers seg selv. 1. vararepresentant møter fast og har og uttalerett i styret.

Styret kan oppnevne et arbeidsutvalg med den myndighet og det ansvar styret gir utvalget.

Styret/arbeidsutvalget innkalles til møte når lederen finner det påkrevet eller minst to styremedlemmer anmoder om det. Skriftlig møteinnkalling med sakliste sendes styremedlemmene med minst sju dagers varsel.

Styrevedtak skjer med vanlig stemmeflertall. Det er stemmeplikt. Ved stemmelikhet har lederen dobbeltstemme.

Styreleder representerer foreningen, sørger for innkalling til møter og leder disse. Har leder forfall overtar nestleder plikter og rettigheter.

#### **§ 6 Styrets oppgaver**

Styret er ansvarlig for å lede Norsk forening for kirkegårdskultur etter de vedtekter som foreligger, og etter særlige beslutninger på årsmøte.

Styret skal forvalte foreningens midler i samsvar med god forretningsskikk, og sørge for en tilfredsstillende organisering av driften. Styret er foreningenes tilsettingsmyndighet.

Styret skal utarbeide årsmelding for arbeidsåret og regnskap m/beretning for foregående kalenderår innen utgangen av mars.

Styret kan ikke iverksette vesentlige endringer av foreningens oppgaver uten å forelegge det for årsmøtet først.

#### **§ 7 Valg**

Etter forslag fra styret velger årsmøtet en valgkomité på tre medlemmer deriblant leder.

Senest 8 uker før årsmøtet skal valgkomiteen tilstille styret et begrunnet forslag til kandidater til det forestående valg. En representant fra valgkomiteen leder valget.

Styrets leder, fire andre styremedlemmer og to varamedlemmer i nummerert rekkefølge, velges av årsmøtet. Det holdes skriftlig valg dersom det er flere kandidater, eller om noen krever det.

Styrets leder og styremedlemmene velges for to år. Av de fire styremedlemmene er to på valg hvert år.



De to varamedlemmene velges for ett år. Ved stemmelikhet avgjøres rekkefølgen ved loddtrekning.

### **§ 8 Faglig råd**

Styret nedsetter et faglig råd med én oppnevnt representant fra relevante organisasjoner. Kirkegårdsconsulenten anmodes om å være med i faglig råd. Fra foreningen deltar leder og nestleder i faglig råd, og en av disse blir valgt som leder i rådet dersom styret ikke bestemmer noe annet. Faglig råd kan innkalle andre i forbindelse med drøfting av særlige saker og fagområder.

Faglig råd skal:

- Drøfte relevante saker og fagområder etter innspill fra Kirkegårdsforeningen eller på eget initiativ
- Gi forslag for videre behandling i Norsk forening for kirkegårdskulturs styre
- Ivareta samhandling mellom ulike organisasjoner og behandle anliggender som har felles interesse for medlemmer og deres organisasjoner

Referat fra møtene i faglig råd legges frem for styret i Norsk forening for kirkegårdskultur.

Foreningen har sekretærfunksjon for faglig råd.

### **§ 9 Revisjon**

En revisor velges på årsmøtet. Revisoren skal være registrert eller statsautorisert. Regnskapet føres ihht. de standarder som er gitt i norsk regnskapslovgivning. Regnskap i revidert stand skal foreligge innen utgangen av mars hvert år. Regnskapet skal bestå av resultatregnskap, balanse og noter.

### **§ 10 Årsmøtet**

Årsmøte holdes årlig slik styret bestemmer. Møtet legges så vidt mulig til de forskjellige landsdeler etter tur. Styret innkaller til årsmøte med minst en måneds varsel.

Alle medlemmer har stemmerett. Hvert medlem har en stemme. Medlem kan gi fullmakt til annet medlem, men ingen kan avgi mer enn to stemmer. Enkeltmedlemmer kan ikke utgjøre mer enn 10 % av avgitte stemmer.

Når ikke annet er vedtektsbestemt fatter årsmøtet vedtak med vanlig flertall. Ved stemmelikhet gjør dirigentens stemme utslaget.

Bare de punkter som er oppført på årsmøtets sakliste kan settes under avstemning. Medlemmer som vil ha saker behandlet på årsmøtet må tilskrive styret senest tre måneder før årsmøtet.

### **§ 11 Sakliste til årsmøtet**

Årsmøtets sakliste skal inneholde følgende poster:

- |                              |                                            |
|------------------------------|--------------------------------------------|
| 1. Konstituering             | 7. Valg av leder                           |
| 2. Årsmelding                | 8. Valg av styremedlemmer og varamedlemmer |
| 3. Regnskap                  | 9. Valg av revisor                         |
| 4. Fastsetting av kontingent | 10. Valg av valgkomite                     |
| 5. Budsjettforslag           | 11. Fastsettelse av sted for neste årsmøte |
| 6. Innkomne saker            |                                            |

### **§ 12 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte kan holdes når styret finner det påkrevet, eller når minst 10% av medlemmene forlanger det. Det innkalles til slikt møte med minst to ukers varsel.

### **§ 13 Vedtektsendring**

Forslag om endring av disse vedtekter må være innsendt til styret senest tre måneder før årsmøtet. Styret legger forslaget fram for årsmøtet med sin innstilling. For at vedtektsendring skal være gyldig kreves et flertall på minst 2/3 av de gitte stemmer.

På ekstraordinært årsmøte kan det ikke gjøres vedtektsendring hvis ikke forslaget først har vært drøftet på ordinært årsmøte.

### **§ 14 Æresmedlemskap**

Som æresmedlem kan utnevnes personer som på en fortjenestefull måte har fremmet foreningens formål. Æresmedlemmer utnevnes av årsmøtet etter innstilling fra styret.

### **§ 15 Oppløsning av foreningen**

Årsmøtevedtak om oppløsning av Norsk forening for kirkegårdskultur må fattes med minst 2/3 flertall og må stadfestes med minst 2/3 flertall på neste årsmøte for å være gyldig. Blir foreningen oppløst, tilfaller eventuelle midler lignende formål. Vedtak om dette og vilkår for overdragelsen fattes samtidig med, og på samme måte som, vedtak om oppløsning.



**Forslag til vedtak:** Årsmøtet slutter seg til styrets forslag til nye vedtekter.

### **c) Handlingsplan**

Framlegg og bakgrunn for virksomhetsstrategi samt handlingsplan vil bli lagt fram på årsmøtet av styreleiar og prosjektleiar.

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet slutter seg til styrets forslag til handlingsplan.

## **SAK 7: VAL AV LEIAR**

### **Under forutsetning av nye vedtekter:**

Valkomitèens forslag til leiar for to år: Gunnar Wik, kyrkjeverje i Bergen (gjenvæl). **Alternativt etter gamle vedtekter:** For eit år.

## **SAK 8: VAL AV STYREMEDLEMMER OG VAREMEDLEMMER**

Valkomitèens forslag:

### **Under forutsetning av nye vedtekter:**

#### **To styremedlemmer for to år:**

Lise-Lotte Bjarnadottir, landskapsarkitekt v/Gravferdsetaten i Oslo (gjenvæl)  
Johannes Sørhaug, kirkesjef i Porsgrunn (gjenvæl)

#### **To styremedlemmer for eit år:**

Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa (gjenvæl)  
Mary Menzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad (gjenvæl)

### **Alternativt etter gamle vedtekter:**

#### **Tre styremedlemmer for to år:**

Lise-Lotte Bjarnadottir, landskapsarkitekt v/Gravferdsetaten i Oslo (gjenvæl)  
Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa (gjenvæl)  
Ingeborg Nordlund, kyrkjeverje i Surnadal og Rindal (gjenvæl)

#### **To varamedlemmer for eit år (likt for begge alternativa):**

Oddny Nordås, avdelingsleiar for kyrkjegardskontoret i Bærum (gjenvæl)  
Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger (gjenvæl)

## **SAK 9: VAL AV REVISOR**

Styret foreslår gjenvæl av revisorfirmaet Ernst & Young AS.



### SAK 10: VAL AV VALKOMITÉ

Styrets forslag vil bli lagt fram på årsmøtet.

### SAK 11: FASTSETTING AV STAD FOR NESTE ÅRSMØTE

Styrets forslag for 2007 vil bli lagt fram på årsmøtet.

---

---

## INFORMASJON OM FAGDAGAR 2006

---

---

**Tid:** 23.-25. august 2006

**Stad:** Thon Oslofjord Hotell, Sandviksveien 184, Sandvika i Bærum

**Møteavgift:** kr. 2.380. Medlemsrabatt kjem til fråtrekk (sjå nederst på sida)

**Overnatting:** kr. 3.265 i enkeltrom, full pensjon

kr. 2.915 i dobbeltrom, full pensjon

Ekstraovernatting ved ankomst dagen før:

Enkeltrom kr. 675, dobbeltrom kr. 475 pr.pers m/frok

**Møtepakke:** kr. 1.565 for lunsj og kaffi for ikkje-buande inkludert middag onsdag kveld på Bølgen & Moi, Henie Onstad kunstsenter (3 retters spesialkomponert meny frå kjøkkensjefen, inkl. 2 glas husets vin, øl eller mineralvatn, samt kaffi til desserten)  
Tillegg for middag på hotellet torsdag kveld kr. 325

*Program: sjå side 2*

### MEDLEMSRABATTAR FOR KURS OG FAGDAGAR


**Fellesråd/kommune, firma, proster:** 25% rabatt

**Sokneråd:** 15% rabatt

**Personleg medlem:** 10% rabatt



# B



NORGE

P.P.

## PÅMELDING

PÅMELDINGSFRIST: 1. august 2006

Namn: .....

Stilling: .....

Fakturaadresse: .....

- 
- ☐ Møtepakke (for dei som ikkje skal bu på hotellet). Inkludert middag onsdag kveld på Bølgen & Moi, Hennie Onstad kunstsenter
- ☐ Middag torsdag kveld på hotellet
- 

### Bestilling av hotellrom med full pensjon:

- ☐ Enkeltrom
- ☐ Dobbeltrom saman med .....
- Ekstraovernatting m/frokost 22.-23. august:
- ☐ Enkeltrom
- ☐ Dobbeltrom saman med .....
- 

**Informasjon og priser står på side 15, programmet står på side 2**

*Stadfesting av påmelding blir sendt fakturaadressen ca. to veker før møtestart, med program, faktura på møteavgift og hotellopphald / møtepakke.*

*Avmelding: Ved avmelding 10-3 dagar før kurset må 50% av møteavgifta betalast. Ved avmelding 3-0 dagar før må heile møteavgifta betalast. Gjeld også ved sjukdom.*

**Send påmeldinga innan 1. august til:**

**Norsk forening for kirkegårdskultur**

Neslandsvatn, 3750 Drangedal

Tlf. 35 99 45 74 faks 35 99 45 73, e-post: [post@kirkegaardskultur.no](mailto:post@kirkegaardskultur.no)

Nettside: [www.kirkegaardskultur.no](http://www.kirkegaardskultur.no)